

Foreldreinfo januar 2026

FAU/SU



FAU møte
var 14.01.26. De
finn referatet [her](#).

Neste møte i SU
blir den 11.02.26



Pysj-dag på u.trinnet
30.01.26 i regi av
elevrådet. Kjekt
initiativ frå elevane!



Dei siste åra har me fått innvilga ein del midler til å bl.a. pussa opp fellesareala på ungdomskulen og kjøpa inn møbler så elevane har ulike soner å sitte i når det er friminutt. Dette har både føresette, tilsette og elevar gitt tilbakemelding på har skapt ein betre atmosfære i friminutta, og at det har vore mogleg for dei som ønsker å finna ein stad å setta seg ned litt skjerma. Me ser at i løpet av året i år så har ein del av møblane fått hard medfart. Sofaer/benker som har vore bolta fast til golvet blir knekt laus, det er laga fleire hol i stoffet på møblane, og fyllmasse blir erstatta med tyggis og søppel.. Det har vore små skader tidlegare som me har klart å reparera, men no er fleire av møblene så herpa at me må gje opp reperasjon. Det er synd at elevar ikkje klarer å ta vare på det dei har fått, resultatet blir jo at me må fjerna ødelagte møblar til slutt, utan at desse nødvendigvis blir erstatta. Fint om de heime kan snakka med ungdommen om å ta vare på møbler i offentlege rom, det er jo trass alt dei det gagnar til sist..

Skuleruta 26/27

Ferdig vedteken, ligg på [heimesida](#). **Legg spesielt merke til vinterferie veke 7 i 2027**, dette sidan påska er i veke 11.

Velkommen tilbake i nytt kalenderår!

I snø og frost er det naturleg at elevane har meir vinteraktivitetar ute. Fleire av trinna har leika mykje i snøen, og fått vore på skøyter oppe på Lauvtjødna. Me er heldige som har gode fasilitetar nær skulen!

Skuleballet er og overstått, tusen takk til alle føresette som bidrog til at kvelden vart fin for alle som deltok.

Minner om vinterferie som vanleg i veke 9, og ønsker ei vidare fin vintertid!

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

